

Les nye nynorskbøker i vidaregåande!

Av høgskolelektor Reidun Kydland, Nynorsksenteret.

Ei stor og viktig oppgåve i skolen er å skape ein kultur for lesing, og å lage gode rammer rundt lesinga. Då kan ein få til at det å lese gode bøker bli noko kjekt ein gjer og samtaler om, og det kan bli det same for elevane om ein les nynorsk eller bokmål. Det er viktig at ungdommar skal kunne seie om seg sjølv at dei er lesarar, at dei har lyst til å lese og gjerne vil lese meir.

Men kvifor skal ein lese nynorske bøker i vidaregåande? Eit svar er at det står i fagplanen, men det er jo ikkje alltid eit inspirerende og motiverande svar. Ein skal også lese fordi det rett og slett er kjekt. Det skal vere spennande og engasjerande, det skal skape refleksjon og oppleving, og det kan opne ei ny og anna verd for lesaren. Gode bøker gjev inspirasjon, skaper lyst til å lese meir eller til å skrive sjølv. Å lese mykje gjer det lettare å bli ein god skrivar, ein får nokre innspel og tankar om korleis ein sjølv kan formulere seg eller bygge opp ein tekst. Det trengst særleg gode tekstar som førebilete når elevane skal skrive nynorsk, enten det gjeld hovudmål eller sidemål.

For å bli ein god nynorskskrivar er det eit godt råd å lese mykje på nynorsk. Det gjeld både elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med nynorsk som sidemål. Elevane kan arbeide mykje med grammatikkoppgåver, men om ikkje elevane får nok mengdetrening, får dei aldri språket inn under huden. Å lese gode ungdomsbøker på nynorsk er ein god måte å gje elevane den mengdetreninga. Læraren må også signalisere at ho/han har ei positiv haldning til det å lese nynorsk og likar det sjølv, for det trengst gode rollemodellar. Slik kan det å lese nynorsk bli noko sjølv sagt i staden for noko sjeldan og underleg, og resultatet kan bli høgare språkmedvit og betre språkmeistring.

Det er ingenting gale med dei nynorske klassikarane, dei har ein sjølv sagt plass i klasserommet. Men det finst mange gode og nye romanar og noveller som absolutt fortener merksemd, og som kan fenge ungdommar. Mange bøker tar opp emne dei er opptekne av, og skildrar eit miljø som dei kan kjenne seg sjølv eller andre igjen i. Ein kan forstå at ein ikkje er aleine om vanskelege tankar eller opplevingar, og ein kan få innsikt i korleis andre menneske tenker og taklar utfordringar. Slik kan ein skape toleranse for andre sine meiningar og kjensler, og ein kan skape empati. Og ikkje minst kan gutar få vite noko om jenter, og jenter noko om gutar.

Det er sjølvsagt viktig å lese nynorsk regelmessig. Det kan vere nyttig å stille opne spørsmål slik at elevane kan sjå fleire sider av teksten og reflektere sjølv. Det finst sjeldan klare og eintydige svar når ein arbeider med litteratur. Om ein les saman kan ei få ei større forståing ved å stoppe opp og diskutere undervegs. Det er ei øving å godta at ein ikkje finn ut alt, og at heller ikkje læraren har det rette svaret. Ein skal ikkje vere redd for å utfordre elevane med tekstar som kan vere vanskelege å forstå. Det kan likevel kan vere mogleg å få til ein god samtale om den litterære teksten, og få i gang ei undring. Derifrå kan ein komme vidare inn i ei meir fagleg grunngiven tolking av ein litterær tekst.

Det kan mange gonger vere ein god idé å ta utgangspunkt i elevanes eigne tankar om litteraturen dei les. Lærarens rolle er ikkje å fortelje kva som er rett og gale, godt eller dårleg, men å inspirere, rettleie og hjelpe elevar til å finne bøker som kan passe for den einskilde. Ikkje alle elevar klarer å finne gode bøker på eiga hand, og mange les ikkje bøker utanom på skolen. Særleg utfordrande kan det vere å finne bøker som kan passe til fordjupingsemnet tredje året. Vi veit også at nokre elevar treng meir støtte frå læraren undervegs i lesinga, ein kan ikkje forvente at alle klarer seg sjølv. Elevane skal få med seg både det som faktisk står i teksten og det som kan lesast mellom linjene.

Ungdomslitteratur er ikkje eigen sjanger, men mange ulike sjangrar. Ungdomslitteratur kan vere all litteratur som har ungdommar som hovudpersonar og deira perspektiv på tilværet, og ungdom som målgruppe. Svært mykje av den nynorske ungdomslitteraturen har høg litterær kvalitet, det er litteratur med fleire lag og eit godt språk. Dei nynorske ungdomsbøkene handlar gjerne om unge menneske på leiting etter sin eigen identitet, og mange har ei samfunnsaktuell problemstilling. Nynorsksenteret har funne fram til nokre nynorskbøker vi synest er gode, og som vi kan tilrå for vidaregåande. Nokre av dei er lettlesne, andre passar for bokslukaren. Her er bøker i mange sjangrar som tar opp veldig ulike tema, - noko for ein kvar smak!

Historiske romanar:

- Basso, Aina: Ingen må vite (2008)
- Basso, Aina: Fange 59. Taterpige (2010)
- Basso, Aina: Inn i elden (2012)
- Basso, Aina: Finne ly (2014)

Fantasy og dystopi:

- Berg, Sturla og Hilde K. Kvalvaag: Under (2017)
- Rydland, Asbjørn: Drakeguten 1-5 (2010-2015)
- Rydland, Asbjørn: Galderstjerna (2016)

- Sander, Terje: Daudmannaland (2015)
- Torkildsen, Terje: Dystopia 1-4 (2009 -2012)

Noveller:

- Mæhle, Lars: Jag är Supermann (2017)
- Grytten, Frode: Menn som ingen treng (2016)
- Sortland, Gaute M.: Korte meisterverk (2017)
- Torkildsen, Terje: Stavanger stories 1 og 2 (2016 og 2018)

Oppvekst:

- Tjønn, Brynjulf Jung: Alt det lyse og alt det mørke (2017)

Sjukdom og helse:

- Håheim, Marianne Clementine: Svart belte (2015)
- Nilsen, Olaug: Tung tids tale (2017)
- Sortland, Bjørn: Kva tåler så lite om det knuser om du seier namnet på det? (2007)
- Tjønn, Brynjulf Jung: Så vakker du er (2013)

Grøssarar:

- Hansen, Atle: Svartedalen (2015) - lettlesn
- Røssland, Tor Arve: Glimt (2015)

Samfunnsaktuelle:

- Dypvik, Astrid Sverresdotter: Berlinhistorier. Kald krig i den delte byen (2017)
- Kaldhol, Marit: Z for sorry (2017)
- Kvalvaag, Hilde K: Lev vel, alle (2016)
- Mæhle, Lars: Fuck off! I love you (2012)
- Sele, Katrine: Jølster hotell. Historier frå eit asylmottak (2017)

Dikt:

- Håland, Kjersti Wøien: Kom og hent meg (2017)
- Lillegraven, Ruth: Urd (2013)

Humoristisk:

- Dahl, Roald: Vemmelege vers (2016)
- Torkildsen, Terje: Stavanger stories 1 (2016)

Teikneseriar:

- Gauld, Tom: Goliat (2013)
- Spiegelman, Art: Maus. Samla utgåve (2009)
- Styve, Jens K.: Jensk (2015)
- Nynorskcenteret: Boblar frå djupet (2018)

Eit hefte med tips til gode nynorskbøker for vidaregåande:

- http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/vidaregaande/sprak_-litteratur-og-kultur/gode-nynorskboker

Nynorskbok.no

- <http://www.nynorskbok.no/>

Frå Lesesenteret: Om å arbeide med ungdomslitteratur

- http://lesesenteret.uis.no/getfile.php/Lesesenteret/B%C3%B8ker%20og%20hefter/pdf_utgaver/Kapittel%20-%20Bok%20i%20bruk%208-10%20trinn/UIS_Bok_i_bruk_8-10_Kap8.pdf